



Orientalisk musikk framført firkending av Eva Megyesi og Pavel Cabala.

**Kyrkja har ein kantor som legg ein av tre kyrkjekonsertar i Kvinnherad til Uskedalen. Det vart ein variert konsert med ulike genre og musikk frå mange land, ikkje minst orientalsk og romantisk musikk der kantorane og ekteparet Eva og Pavel mellom anna spelte musikk frå India, Russland og Ungarn.**

Frammøte til kveldens konsert kunne vore betre, men samanfallande arrangement gjorde truleg sitt til det var god plass i benkene. Dei meste trufaste gjestene var likevel i kyrkja. Gildt var det å sjå at ferierende gjester på campinggen fann vegen over tunet og koste seg på konserten.

Atle Fredheim og døtrene Maia og Nanna Sofie er alt røynde og scenevande artistar. Far og døtre framfører variert musikk i ei trygg og stilsikker form. Atle har mange år bak seg som muskarar, alt frå pubartist til country og jazz. Maia og Hanna Sofie syng reint og veit å tilpassa songen til rett setting. Atle Fredheim framførte Henning Kvitnes Evig eies, ein sterk tekst som gjerne har sin plass på ein kyrkjekonsert.



[Far, Atle](#) , og døtrene, [Maia](#) og [Hanna Sofie](#) framfører den kjende låten [Haleuja](#)

Rustne Menn fekk stor fagnad for framføringa Dublin i min gråt, ein irsk låt med tekst omsett til norsk av gitaristen i gruppa, Svein Rimestad.

Kantoren avslutta konserten på orgel med Guds sønn har gjort meg fri av Mons Leidvin Takle, truleg ein av dei største kyrkjekomponistane Noreg har hatt i nyare tid.

Takk til Eva Megyesi som deler sin musikk og framføringar med Uskedalen. Kyrkja i Uskedalen med sin intimitet er ein god arena for framføringar av variert og god klassisk, religiøs og tradisjonell musikk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal